

### **Ny ordning for tilvising til avtalespesialist i psykisk helsevern**

Med verknad frå 1. mars skal alle tilvisingar til avtalespesialist i psykisk helsevern sendast til det DPS-et dei er tilordna og ikkje til spesialisten sjølve. Tilvisingsmottaket på DPS vil vurdere om pasienten har rett til helsehjelp og ev. setje ein frist for helsehjelpa. Deretter vil dei så langt råd sende tilvisinga over til avtalespesialisten for vidare oppfølging. Det er helseføretaket som er ansvarleg ved ev. fristbrot, og ein kan difor oppleve at tilvisingar vert tildelt annan instans dersom det er naudsynt for å oppfylle retten til helsehjelp innan fristen som er sett. Eit alternativ vil i slike høve vere at pasienten seier frå seg retten til helsehjelp innan fristen for å stå på venteliste hjå vedkomande spesialist.

Dersom tilvisar meiner at saka bør handsamast av avtalespesialist, bør dette gå klårt fram av tilvisinga. Helseføretaket vil gjere sitt beste for å oppfylle slike ynske.

Nyordninga, som er pålagt av styresmaktene, vil styrke pasientane sine rettar andsynes forvaltninga ved at dei får rett til helsehjelp innan ein klårt definert frist. Helse Førde vonar at eit smidig samarbeid med avtalespesialistane gjer at tilvisarar og pasientar får minst like god service som før.

Her er ei liste over avtalespesialistane i Helse Førde sitt føretaksområde, sortert etter kva DPS dei er tilordna.

#### Indre Sogn psykiatrisenter

Jonita Lillesæter Spendlove

#### Nordfjord psykiatrisenter

Audun Abildsnes

Hans Georg Kayser

Svein Kristiansen

Peter Zehentbauer

#### Psykiatrisk klinikk, Førde

Steffen Grønbech

Torjus Ødelien